



Ein delfin kunne ikkje hjelpe ein av superveteranane frå Hopp i havet

Programmet for årets Aktivitetsdag var relativt drastisk endra på eitt punkt: Hopp i havet var erstatta med Trøte sjøs. Var så endringen vellukka? Det er litt tidleg å svara på det, slike opplegg treng gjerne litt tid for å gå seg til. Førabels er konklusjonen at innslaget nok er litt tammare enn det gamle, men til gjengjeld tryggare. No risikerar ein ikkje liv og lemmer....



Stor prestasjon på eitt hjul!

Oppslutnaden var ikkje så stor i dag, berre 10 var med. Men fleire av dei viste at det er mogeleg å gjera ferda over eller i vatnet til god underhaldning. Difor fortente Benjamin Hus Ripel i høg grad premien som den mest optimistiske, for han stilte med einhjuling. 3 av deltakarane kom gjennom løypa utan å bada og av dei var Andreas Bernhardsen raskast med 6 sekunder Den mest kreative var Benjamin Taranger i kaviardrakt.



Tammare, men tryggare!

Ein gjengangar som i høgste grad fortener. eit lengre liv er andeferdar nedover elva. Sidan starten har dette innslaget gjeve ei inntekt for idrettslaget på 200 000, kan Ivar Gundersen slå fast. Det var han som hadde den gode ideen. Denne gongen vart det seld 450 ender og 35 000 kroner kom inn. Ande til Søndre Klyve gjekk til topps og vart belønna med eit gåvekort på 5000, foran Kari Anne Døli med gåvekort på 3000 og Mads Guttomsen med gåvekort på 2000, Det var også fleire konkurransar i dag og arrangørane skal ha honnør for at dei ikkje har kasta vrak på dei agrare tevlingar hesteskokasting og jurklutkasting. Bjørn Mathisen og Veslemøy Haugland vann den første og Bjørn Mathisen den siste. Men fotballen var også med og her vann Silje Soldal og Vegard Fausk - den siste etter trekking.

Kor stor oppslutnaden var under årets aktivitetsdag er det like krevjande å gissa på som alltid før. Det var bra med folk

men neppe nokon rekord.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Andeløpet er her avgjort